



MEKTIG Frå framføringa av Michael Jackson-låta «They don't care about us». Flott koreografi og song, og absolutt eit av høgdepunkta under konserten. Alle foto: Hilde Beate Ellingsæter

Tøft levert, og mange rørt av Uhørt

Uhørt gjorde det igjen. Til stormande jubel begeistra ungdomskoret ein fullsett sal på Ingebrigt Davik-huset torsdag kveld. Med fullt trøkk og ein rocka stil sjarmerte dei publikum i senk. Dette fekk dei til!

Dei femten songfuglane i koret imponerte stort. Med til dels avanserte rockelåtar var det ikkje vanskeleg å sjå at det låg mykje øving bak denne framføringa. Dei utfordra seg sjølv på fleire av låtane, og stod med glans.

Mange rørt

Med koreografi og dans til alle låtane var det eit flott og fengande show som publikum i alle aldrar likte. Og superlativa hagla blant publikum etter konserten. Fleire stolte foreldre og besteforeldre måtte tørke tårer før dei gjekk fram på scena for å gratulere sine håpefulle med vel gjennomført show.

– Vi kan vel ikkje anna enn vere fornøgd, sa Irmelin Slyngstad beskjeden til Nordre etter konserten. Og fornøgd har dei all grunn til å vere.

Var så vakkert at det gjekk frysningar ned over ryggen

”

På bakrommet

Ei litt artig opning hadde dei også laga til. På lerretet vart det vist ein filmsnutt der publikum vart tatt med på det som gjekk føre seg på bakrommet like før koret skulle i aksjon på scena. Filmsnutten slutta med at ungdommane gløtta gjennom døra for å sjå om publikum hadde kome seg på plass. Så entra Uhørt scena og var klar for å framføre den eine rocka hitlåta etter den andre.

Alle var solistar

Så vidt vi kunne sjå var alle dei femten i koret også solistar. Nokre song meir enn andre, men alle hadde nokre strofer som solist kvar. Ein flott prestasjon. Det var også ungdommane sjølve som stod for prat mellom innslaga.

Andrea Rogne og Andrea Skaaden har flotte stemmer, og var dei mest brukte solistane. Men det var fleire gode songarar med stemmer i om lag same kaliber. Det slår oss at fleire av desse ungdommane vil kunne kome langt i ein talentkonkurranse om dei melder seg på.

Trøkk

På denne konserten hadde koret valt ein rocka stil. Her var det fullt trøkk gjennom heile konserten, berre med avbrekk på eit par rolege låtar. Det var såpass heftig at vi registrerte trommis Bjørn Skjelten var framme med handkleet fleire gongar for å tørke sveitte. Alle dei røynde musikarane koret hadde med seg gjorde ein solid jobb. I tillegg til Bjørn var det Ivar Holsvik på piano, Kjetil Hjelte på bass og Kjetil Strand på gitar.

Bohemian Rhapsody

Av mange tøffe låtar var nok Queen-låta Bohemian Rhapsody eit høgdepunkt. Låta var så vakkert framført at det

gjekk frysningar ned over ryggen. Med god koreografi og med fleire solistar var det ei sær stemningsfull framføring. Denne låta vart også framført som ekstranummer.

Koret var nok ikkje heilt førebudd på den enorme responsen frå publikum etter siste låt. Publikum reiste seg og gav applaus, og ville ikkje gi seg før koret kom på scena igjen. Etter å ha fått summa seg litt entra dei scena og gav full gass igjen.

Dei framtrøtte denne fine sommarkvelden hadde nok ikkje hatt noko imot endå fleire ekstranummer av den flinke og talentfulle gjengen.

Ein hane i flokken

Ungdommane i Uhørt er i aldersgruppa 13–20 år og kjem frå heile Haram. Vi registrerte berre ein hankjønn i flokken. Dyon Buitenkamp såg ut til å trivast godt i mengda med jenter, men her har gutane ei klar utfordring om å kome på bana.

– Vi ønskjer oss endå fleire medlemmer, sa Dyon under konserten. – Om ein ikkje kan å synge eller danse så er det heilt sikkert noko anna ein kan gjere, forsikra han før han sette seg på nokre bildekk å løfta vektar medan dei andre song og dansa. Men når det er sagt så har Dyon ei fabelaktig stemme og var solist på fleire av innslaga.

Fått fram det beste

Ærast skal også Turid Skjelten som er leiar for denne gjengen. Ho har verkeleg lagt ned eit solid og godt arbeid både i forkant av og under framføringa. Det er tydeleg at ho har leita fram dei beste kvalitetane i kvar enkelt av ungdommane.

HILDE BEATE ELLINGSÆTER
redaksjon@nordrenett.no



ERFARING Andrea Rogne har ei solid stemme og har fått ein del erfaring som songartist.



HANEN Dyon Buitenkamp er einaste guten i Uhørt og viste at han både kan løfte vektar og synge.



SOLISTAR F.v.: Kristiane Uksnøy Gabor, Andrea Lie Skaaden og Benedicte Sønderland Hurlen.